

ÅRSMØTE FOR MANGER INDREMISJON OG MANGER BEDEHUS 17.03.2016

17 stk. møtte.

Formann Sven Arne Hetlebakke leia årsmøtet.

Val av referent: Kirsten Mangersnes.

Formann Sven Arne Hetlebakke las årsmeldinga for 2015. Årsmeldinga vart godkjent.

Liv N. Mjøs la fram rekneskapen for Manger bedehus:

Samla inntekter for 2015:	kr 295.755- (ca. kr 196.000,- i lån)
Samla utgifter for 2015:	kr 382.875,-
I banken:	kr 69.686,-

Lånekostnaden pr. måned er kr 5.943,-.

Rekneskapen for Manger bedehus vart godkjent.

Harald Haukås la fram rekneskapstala for Manger Indremisjon:

Samla inntekter for 2015:	kr 78.196,75
Samla utgifter for 2015:	kr 61.886,00
I banken:	kr 16.310,75

I tillegg kjem kontoen som vi har som skal dekkja lånet til reparasjon av taket. På denne konto står det kr 101.876,06.

Rekneskapen for Manger Indremisjon vart godkjent.

Val av formann og styremedlemmer:

Formann: Sven Arne Hetlebakke vart attvalt som formann.

Bjarne Vikenes var på val og vart attvalt.

Frå før er Arvid Bauge, Else Marie Dale og Kirsten Mangersnes i styret.

Varamedlemmer:

1. vararepr. Liv Nyhammer Mjøs

2. vararepr. Margun Erstad

Val av valnemnd for 2017: Elna Bauge, Hildur Haukås og Ivar Hjelmervik.

Val av revisorar: Asbjørn Frotjold og Roald Hvidsten.

Utsendingar til årsmøtet i Nordhordland Indremisjon: Kitty Skjold og Else Marie Dale.
Sven Arne Hetlebakke er vararepresentant.

Matkomiteen: Hildur Haukås, Lilly Hjelmervik, Kitty Skjold, Margun Erstad, Kirsten Helland og Else Marie Dale.

Val av bedehusnemnd (som ser etter bedehuset; at ting er i orden og vedlikehald): Ivar Hjelmervik, Øyvind Bauge og Harald Haukås.

Frå samtalen om arbeidet tar vi med:

- Skal vi fortsetja med temasamlingar på torsdagane eller skal vi gå meir over til søndagsmøte? Det kom fram ulike syn på dette. Styret får arbeida vidare med saka.
- Viktig å utnytte ressursane som vi har i forsamlinga.
- Det har kome spørsmål frå utbyggjarane av Rema1000-bygget om dei kan bruka bedehuset som garderobe og lunsjrom for å sleppa å setja opp brakker. Det går vi ikkje inn for.

Kirsten Mangersnes
referent